

# INVITASJON TIL KURS I KREVJANDE INNSYNSSAKER

---

**Når:** Tysdag 29. oktober 2019, frå 09.00 til ca. 15.30

**Kor:** Grand Hotel Terminus, Zander Kaaes gate 6, Bergen

**Målgruppa:** Arkivleiar, sakshandsamar

Kravet til kommunane aukar når det gjeld innsyn, offentlegheit og tilgjengeleggjing av arkiv. Talet på innsyn stig og ofte er innsyn særskildt ressurskrevjande i kommunane. Det er difor viktig å ha kontroll på lovverket og korleis ein skal tolke dette. Vi har fått mange særskilde tilbakemeldingar frå kommunane om problemstillingar knytt til innsyn. Vi har difor leigd inn advokat Kurt O. Bjørnnes, og han har laga eit kurs for oss basert på tilbakemeldingane vi på IKA Hordaland har fått frå kommunane. Dette er difor ein unik moglegheit til å få gode juridiske innspel på dei problemstillingane ein faktisk har i kommunane.

Kurset blir gjennomført som førelæsnings med innebygde bolkar med dømer henta frå det kommunale. Kurset skal gjere deltakarane trygge på lovverket kring innsynskrav og vidare gje nokre knaggar for handsaming av desse.

Det er avgrensa med plassar på kurset slik at det er fyrstemann til mølla som gjeld!

Vi tilrår difor å vere tidleg ut med påmeldinga. Påmeldinga er bindande.

For tilsette i eigarkommunane kostar kurset 1500 kr, medan for andre kostar kurset 2800 kr pr. deltakar.

Meld deg på kurset her: <https://no.surveymonkey.com/r/BVL83Q8>